

# Plan for implementering av rammeplan for barnehagen sitt innhold og oppgåver - Fylkesmannen i Rogaland

Revidert 01.04.2019

## Innleiing

Kunnskapsdepartementet har fastsett ny rammeplan for innhold og oppgåver i barnehagen. Den nye planen gjeld fra 1. august 2017.

Implementeringa av den nye rammeplanen er eit langsiktig og kontinuerleg arbeid som skal gå føre seg over lengre tid. Alle nivå i barnehagesektoren skal bidra til at rammeplanen sine intensjonar blir iverksette og realiserte. Det er ein «rød tråd» frå formålsparagraf og rammeplan til nasjonale tiltak, strategiar og satsingar. Desse må så sjåast i samanheng med lokale planar og prioriteringar.

Fylkesmannen si rolle på denne delen av barnehageområdet er å informere og rettleie lokal barnehagemynde, barnehageeigarar og andre aktuelle målgrupper om innhold, prinsipp og mål i den nasjonale utdanningspolitikken. Vidare skal Fylkesmannen motivere til deltaking i kompetansetiltak, initiere, koordinere og delta i nettverk i fylket og legge til rette for erfaringsdeling og kompetansespreiing. Desse verkemidla og tiltaka skal samla sett vere med på å auke kvalitet, kompetanse og regelverksetterleving i barnehagane.

Fylkesmannen har ei sentral rolle i arbeidet med å implementere rammeplan for barnehagen. *Plan for implementering av rammeplan for barnehagen sitt innhold og oppgåver* er eit verktøy i Fylkesmannen sitt arbeidet med implementeringa, i tillegg til informasjon til kommunane, Utdanningsdirektoratet og andre aktuelle aktørar.


## Mål med planen

Målet med planen er å bidra til at kommunane og barnehagane operasjonaliserer og realiserer den nye rammeplanen i barnehagekvarldagen.

## Fagleg forankring og bakgrunn for prioriteringar

Vellukka implementering av ny rammeplan krev tydeleg og god leiing på alle nivå. På lokalt nivå må planen operasjonalisera og innhaldet konkretiserast. Ein systematisk og målretta prosess for implementering er viktig for å skape endring i sektoren.

Fylkesmannen i Rogaland sin plan for denne implementeringa har tre fasar. Fasane går over fire år og tar utgangspunkt i teori om implementering, lærande organisasjonar og læreplanteori\*. Kvar fase har tilhøyrande tiltak.



Planen tar utgangspunkt i Fylkesmannen si rolle på barnehageområdet. Tiltaka er primært retta mot å styrke kompetansen til eigar og mynde. I nokre av tiltaka vil vi også inkludere styrar, pedagogisk leiar og fagarbeidar, i tillegg til Fagforbundet og Utdanningsforbundet.

Kunnskap om implementering, barnehagebasert kompetanseutvikling og barnehagen som lærande organisasjon er avgjerande når ein skal sørge for at rammeplanen sine mål og verdiar blir forstått og praktisert ute i barnehagane. Derfor vil aktuelle tema, i tillegg til sentrale og nye omgrep i rammeplanen, bli presenterte av ulike fagmiljø.

\*Fixen. DL. SF Naoum, KABLASE, RM Friedman og F Wallace 2005. Implementation Reaserch: A Synthesis of the litterature. Tampa FL: University of Florida.

Senge. P.M 2006 The fifth discipline. The art andt practice of the learning oranization. New York: Currency/Douleday.

Goodlad, John I. mfl (1979). *Curriculum inquiry. The study of curriculum practice..* New York: McGraw-Hill.

For å få rammeplanen omsett i praksis er det viktig med felles forståing av innhaldet i og kunnskap om korleis rammeplanen blir broten ned til kvardagspraksis. Faglege innlegg på samlingar blir derfor etterfølgde av diskusjonar i grupper og plenum der temaet skal konkretiserast med eksempel på god praksis. Slik operasjonalisering er viktig for å realisere planen ute i barnehagane, og arbeidet må sjåast i samanheng med risikovurdering og tilsyn.

Målet i siste fase er at endringane får varig effekt. Medvit om korleis barnehagen som lærande organisasjon kan oppnå varig effekt er sentral for resultatet.

Kommunane har faste nettverksmøte der Fylkesmannen deltar. I dialogmøta med UiS møter vi både fagmiljø og kommunar og vi har jamlege møte i Kommunalt barnehageforum Rogaland (KB-R). Fylkesmannen i Rogaland vil nytte desse nettverka for å diskutera behov, få innspel til tiltak i implementeringa, og halde oppe fokuset på ny rammeplan. I revidert strategi for kompetanse og rekruttering i barnehage 2018-2022 er no ei desentralisert ordning for kompetanseutvikling etter mønster av Meld St nr 21 no aktuell også for barnehagesektoren. Fylkesmannen skal lede og koordinera dei regionale nettverka i dette arbeidet. Se lenken under.

## **Heilskap og samanheng**

Fylkesmannen i Rogaland har utarbeidd ein heilskapleg plan for kompetanseutvikling. Denne planen er forankra i [Kompetanse for framtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018-2022](#), og skal sikre eit meir langsiktig og systematisk arbeid med kompetanseutvikling i fylket. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018 - 2022 er ei vidareføring av Kompetanse for framtidens barnehage. I revidert strategi er det lagt opp til ei desentralisert ordning med lokale prioriteringar og samarbeidande aktørar. 2018 er eit overgangsår til den nye regionale ordninga er etablert.

Både denne implementeringsplanen og heilskapleg plan for kompetanseutvikling er dynamiske og kan bli endra i tråd med nye tildelingsbrev og ev endringar i nasjonale tiltak og strategiar.



Fase I - Forankring		Fase II - Gjennomføring			Fase III - Videreføring		
Vår 2016	Haust 2016	Vår 2017	Haust 2017	Vår 2018	Haust 2018	Vår 2019	Haust 2019
1. <a href="#">Høringskonferanse Ny rammeplan for barnehage</a>	6. <a href="#">Prosjektsamling IMTEC Implementering av rammeplanen Samling I Program og invitasjon</a>	11. <a href="#">Prosjektsamling IMTEC Implementering av rammeplanen Samling II</a>	16. <a href="#">Prosjektsamling IMTEC Implementering av rammeplanen Samling III</a>	21. <a href="#">Fagsamling - Samling 9., 10. og 11. januar 2018</a> <a href="#">Program og lysark</a>	26. <a href="#">Saksbehandlar-samling 4. september</a> <a href="#">Program og påmelding</a>	31. <a href="#">Saksbehandlar-samling Påmelding og program</a>	36. Saksbehandlar-samling
2.	7. <a href="#">Tildeling av kompetansemidlar</a>	12. <a href="#">Barnehage-konferanse: Ny rammeplan</a>	17. <a href="#">Saksbehandlar-samling 20. og 21. november</a> <a href="#">Program og lysark</a>	22. <a href="#">Barnehagekonferanse 02. mai</a> <a href="#">Program og lysark</a>	27. <a href="#">Regional ordning Oppstarsamling 18.september</a> <a href="#">Samling for nettverka i Regional ordning 22.- 23. november</a>	32. <a href="#">Barnehage-konferanse Tema frå ny rammeplan</a> <a href="#">Påmelding og program</a>	37.
3.	8. <a href="#">Satsinga på fagarbeidar</a>	13. <a href="#">Tilretteleggings-midlar 2017/2018 Lokale prioriteringar</a>	18.	23. <a href="#">Tilretteleggings-midlar 2018/2019 Lokale prioriteringar</a>  Påmelding og program Se Haugesund kommune	28. <a href="#">Fagsamling 24. september</a>  Påmelding og program Se Haugesund kommune	33. <a href="#">Regional ordning for kompetanseutvikling</a>	38.
4. <a href="#">Saksbehandlar-Samling ST. mld. 19.</a>	9. <a href="#">Saksbehandlar-samling - Ståstadsanalyse, Reflex og rettleiingsmateriell</a>	14. <a href="#">Saksbehandlar-Samling –Nytt tema i rammeplanen og økonomis tilsyn</a>	19.	24. Etablering av <a href="#">Regional ordning for kompetanseutvikling</a>	29. <a href="#">Fagsamling 7. november</a> <a href="#">Påmelding og program</a>	34.	39. Saksbehandlar-samling
5. <a href="#">Nettverk kommunane Dialogmøte med U/H og KB-R</a>	10. <a href="#">Nettverk Fagmiljø KB-R</a>	15. <a href="#">Nettverk Fagmiljø KB-R</a>	20. <a href="#">Nettverk Fagmiljø KB-R</a>	25. <a href="#">Nettverk Fagmiljø KB-R</a>	30. <a href="#">Nettverk Fagmiljø KB-R</a>	35.	40. KB-R Regional ordning for kompetanseutvikling

## Tiltak

### Fase I - Forankring høst 2016 - vår 2017

#### 1. Høyringskonferanse

*Målgruppe:* alle tilsette i barnehagane i Rogaland

På oppdrag frå KD arrangerte Fylkesmennene høyringskonferansar i samanheng med forslag til ny Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Føremålet var at aktørane skulle drøfte innhaldet i forslaget til ny Rammeplan og gi innspel som eitt supplement til skriftlege høyringsfråsegner

2. x

3. x

#### 4. Saksbehandlarsamling – Stortingsmelding 19, Tid for lek og læring

*Målgruppe:* barnehagefagleg ansvarleg i kommunane

Stortingsmelding 19, Tid for leik og læring v/ ekspedisjonssjef Dag Thomas Gisholt, Kunnskapsdepartementet. Kommentarar frå Ingunn Størksen, professor ved Universitetet i Stavanger og Sigurd Aukland, medlem i arbeidsgruppa for revidering av rammeplanen

#### 5. Nettverk kommunane, Dialogmøter med UiS og HVL, Kommunalt Barnehageforum Rogaland

For å oppfylle intensjonane i rammeplanen om å heve kompetansen og sikre god kvalitet i alle barnehagar, må alle aktørar bidra. Fylkesmannen skal setje i verk og følgje opp statlege kompetanseutviklingstiltak og sjå til at utviklingsarbeid og implementering av tiltak skjer i nært samarbeid med barnehagemynde, universitet, høgskole og anna relevant fagmiljø. Kommunane har delt seg inn i tre nettverk, og Fylkesmannen i Rogaland deltar på saker som omhandler rolla som barnehagemynde. I 2015 blei Kommunalt Barnehageforum Rogaland etablert etter initiativ frå KS og Fylkesmannen. Med eit arbeidsutval og faste møte der kommunane i fylket er representerte, er dette ein viktig samarbeidsarena for å setje i verk nasjonal barnehagepolitikk og finne gode regionale løysingar. I samarbeid med Universitetet i Stavanger, Høgskolen på Vestlandet og representantar frå kommunane, har vi to dialogmøte årleg for å sjå til at blant anna studietilboda og praksisbarnehagane gjenspeilar den nye rammeplanen.

## 6. Prosjekt - Kompetanseheving i barnehagesektoren - Korleis sørge for at alle ledd i sektoren jobbar for kompetanseutvikling i barnehagen?

*Målgruppe:* barnehagemynde, barnehageeigar, Utdanningsforbundet og Fagforbundet

Fylkesmannen i Rogaland har saman med stiftelsen IMTEC etablert eit samarbeidsprosjekt der eit av måla er betre ivaretaking av arbeidet med implementering av ny Rammeplan. Implementeringsteori, barnehagebasert kompetanseutvikling og lærande organisasjonar er stikkord.

Prosjektet går over tre samlingar à to dagar.

## 7. Kompetansemidlar

*Målgruppe:* alle barnehagar og tilsette i kommunane

Fylkesmannen si oppgåve er å medverke til auka kvalitet på barnehageområdet. I arbeidet med Kompetanse for framtidas barnehage - strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020 tildeler Fylkesmannen midlar som skal gå til kommunale og private tilsette i kommunane. Målet med tildelinga er å heve kompetansen til heile barnehagen si personalgruppe i tråd med barnehagen sitt formål og Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Kommunane må jobbe barnehagebasert med ei forståing av at arbeidsmåten er med på å utvikle heile barnehagen sin pedagogiske praksis og kvaliteten på barnehagen sitt pedagogiske innhald og læringsmiljø. Fylkesmannen har utarbeidd ein heilskapleg plan for kompetanseutvikling i Rogaland, og denne planen er utgangspunkt for tildelingane.

## 8. Satsing på fagarbeidar

*Målgruppe:* tiltaket er retta mot tilsette i kommunale og ikkje kommunale barnehagar for å gi assistenter med lang erfaring høve til å ta fagbrev. Tiltaket er eit ledd i Kunnskapsdepartementet sin strategi Kompetanse for framtidas barnehage. Fylkesmannen i Rogaland vil prioritere og følgje opp kommunar med låg del barne- og ungdomsarbeidrarar. Fylkesmannen har i samarbeid med kommunane valt å prioritere tiltak som kan motivere både kommunale og ikkje-kommunale barnehagetilsette til å ta barnehagelærarstudiet. Eit tiltak er å gi assistenter med lang erfaring høve til å ta fagbrev. Kommunane kan søkje om midlar til å dekkje utgiftene. Med utgangspunkt i BASIL-tal prioriter vi kommunar med låg del barne- og ungdomsarbeidrarar og/eller kommunar som ikkje har fått midlar til dette tiltaket tidlegare.

## 9. Saksbehandlarsamling - Ståstadsanalysen, Reflex og rettleiingsmateriell

*Målgruppe:* barnehagefagleg ansvarlege i kommunane

Erfaringar ved bruk av Ståstadsanalysen for barnehagar. Frem av Time ved Grethe The Skadberg og Hå kommune ved Hildegunn S. Husveg. Erfaringar ved bruk av Reflex for barnehagar. Fremj av Randaberg kommune ved Vigdis Eidsvåg og Anne Jorunn B. Leigvoll . Presentasjon av revidert rettleiingsmateriell, ved Liv Svendal, Fylkesmannen i Rogaland og barnehagelova § 9 ved Hanne Sørli Ronæss, Fylkesmannen i Rogaland.

#### 10. Nettverk, fagmiljø, Kommunalt barnehageforum

#### 11. Prosjekt - Kompetanseheving i barnehagesektoren - Korleis sørge for at alle ledd i sektoren jobbar for kompetanseutvikling i barnehagen?

*Målgruppe:* barnehagemynde, barnehageeigar, Utdanningsforbundet og Fagforbundet

Kompetanseutviklinga fortset 10. og 11. mai, jf. punkt 6.

#### 12. Barnehagekonferansen – ny rammeplassen

*Målgruppe:* barnehagemynde, barnehageeigar, alle tilsette i barnehagane

Barnehagekonferansen er ein fagleg møteplass for tilsette som jobbar med barn i Rogaland. Tema for konferansen i 2017 var implementering av den nye rammeplassen. Ein representant frå avdeling for læreplan og implementering i Udir var til stades for å legge fram nye omgrep og tema i planen. Vi hadde også innlegg frå GoBaN om korleis barnehagen påverkar barnehagebarn, og eit innlegg om dei yngste barna og deira bidrag i eigen kvardag av Ninni Sandvik frå Høgskolen i Østfold.

#### 13. Tilretteleggingsmidlar lokale prioriteringar

*Målgruppe:* kommunale og ikkje- kommunale eigarar

Utdanningsdirektoratet har, som eit ledd i arbeidet med iverksetting og oppfølging av strategien Kompetanse for framtidens barnehage 2014-2020, gitt fylkesmennene fullmakt til å fordele tilretteleggingsmidlar i 2017/2018 etter lokal prioritering. På bakgrunn av tilbakemeldingar frå barnehagemynden om kompetansebehovet i kommunane og tal i BASIL, prioriter Fylkesmannen i Rogaland midlar til ABLU 2. års heiltidsstudentar og 2. års deltid barnehagelærarutdanning. Kommunar som har studentar som kjem frå barnehagar med låg pedagogdekning blir og prioritert.

#### 14. Saksbehandlarsamling - Mobbing og læringsmiljø i barnehagen. Økonomisk tilsyn

*Målgruppe:* barnehagefagleg ansvarlege i kommunane



Læringsmiljø i barnehagen sett i lys av endringane i paragaf 9 a i opplæringsloven. Mobbing og læringsmiljø i barnehagen v/ Cecilie Evertsen, Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning. Økonomisk tilsyn Ved Irene Ullenvang, barnehageansvarlig i Os kommune.

15. Nettverk, fagmiljø, Kommunalt barnehageforum.

## Fase II - Gjennomføring Høst 2017- vår 2019

16. Prosjekt - Kompetanseheving i barnehagesektoren - Korleis sørge for at alle ledd i sektoren jobbar for kompetanseutvikling i barnehagen?

*Målgruppe:* barnehagemynde, barnehageeigar, Utdanningsforbundet og Fagforbundet

Kompetanseutviklinga fortset 25. og 26 august jmf. Punkt 6

17. Saksbehandlarsamling – barnehagebasert kompetanseutvikling

*Målgruppe:* Barnehagefaglig ansvarlige i kommunene 20. Og 21. november

Barnehagebasert kompetanseutvikling og barnehagen som lærande organisasjon i tillegg til nytt omgrep i rammeplanen bli presenterte av Kjell Åge Gottvasli. Vidare vil Cecilie Evertsen Stanghelle frå Læringsmiljøsenteret UiS ta føre seg omgrepet Livsmeistring og helse, felles forståing av innhaldet og kjenneteikn på god praksis. Fylkesmannen vil på andre dag presentere ny tilsynsveileder, gå gjennom risikovurdering, saman med diskusjonar i grupper og plenum kor temaet skal konkretiserast til eksempel på god praksis.

18. X

19. x

20. Nettverk kommunane, Dialogmøte med UiS og HVL, Kommunalt barnehageforum

21. Fagsamling - barnehagebasert kompetanseutvikling 9., 10. og 11. januar 2018

*Målgruppe:* styrarar, barnehagelærar og fagarbeidrarar

Vellukka implementering av ny rammeplan krev tydeleg og god leiing på alle nivå. Kunnskap om implementering, barnehagebasert kompetanseutvikling og barnehagen som lærande organisasjon er avgjerande når ein skal sørge for at rammeplanen sine mål og verdiar blir forstått og praktiserte ute i barnehagane. Alle nivå i barnehagesektoren skal bidra til at rammeplanen sine intensjonar blir iverksette og realiserte, derfor inviterer Fylkesmannen styrarar, pedagogiske leiarar og fagarbeidrarar til fagsamling. Tema på samlinga er: Gode grep for implementering av ny rammeplan – Korleis få alle med i arbeidet?

Foredragshaldarar:

- Kjell Åge Gotvassli, professor ved Dronning Mauds minne
- Elin Ødegård, førsteamanuensis ved Læringsmiljøsenteret , Universitetet i Stavanger

## 22. Barnehagekonferansen 2. mai

*Målgruppe*: barnehagemynde, barnehageeigar og barnehagelærarar.

Barnehagekonferansen er en fagleg møteplass for tilsette som jobbar med barn i Rogaland. Tema i år er *Rammeplanen – Frå ide til praksis*. På konferansen vil det vere fokus på pedagogen si rolle i implementering av ny rammeplan og gode verktøy for å skape høg kvalitet i barnehagen.

Foredragshaldarar:

- Sølvi Ona Gjul, utdanningsdirektør Fylkesmannen i Rogaland
- Jorunn Melberg, Instituttleiar barnehagelærarutdanninga ved Universitetet i Stavanger
- Kari Johanne Kvistad, Dronning Mauds Minne
- Kjell Arne Røvik, professor ved Norges arktiske universitet
- Line Melvold, leiar i Styd kommunikasjon
- Cecilie Langhold, Utdanningsdirektoratet

## 23. Tilretteleggingsmidlar – studieåret 2018/19

På bakgrunn av tilbakemeldingar frå barnehagemynden om kompetansebehovet i kommunane og tal i BASIL, prioriter Fylkesmannen i Rogaland midlar for ABLU studentar 3. årskull og barnehagelærarutdanninga på deltid 3. årskull - 2018/19. Midlane kjem i tillegg til tilretteleggingsmidlane

som Utdanningsdirektoratet tildel gjennom søkerportalen. Frå 2019 vil desse midla bli fordelt i dei regionale nettverka i tråd med [Kompetanse for framtidenes barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018-2022](#).

#### 24. Regional ordning for kompetanseutvikling for barnehage

Etter innspel frå kommunane har Rogaland etablert ordninga med fylkesvis forum og tre regionale nettverk. Representantar i forumet er desse representantar: Ein frå Private barnehagars landsforbund (PBL), tre frå Kommunalt barnehageforum i Rogaland (KB-R), ein frå Utdanningsforbundet, ein frå Fagforbundet, ein frå Universitet i Stavanger og ein få Høgskolen på Vestlandet, ein frå Kommunanes sentralforbund og Fylkesmannen skal ha ein i tillegg til sekretær. Første møte i fylkesvis forum er 19.juni, og då skal det leggjast en milepælsplan for arbeidet vidare i 2018/2019.

#### 25. Nettverk, fagmiljø og kommunalt barnehageforum

Med et arbeidsutval og faste møter kor kommunane i fylket er representert er dette ein viktig samarbeidsarena for å setje i verk nasjonal barnehagepolitikk og finne gode regionale løysingar. I samarbeid med Universitetet i Stavanger, Høgskolen på Vestlandet og representantar frå kommunane, har vi to dialogmøte årleg for å sjå til at blant anna studietilboda og praksisbarnehagane gjenspeilar den nye rammeplanen.

#### 26. Saksbehandlarsamling 4. september

*Målgruppe:* Barnehagefagleg ansvarlege i kommunane

Tema på samlinga er mellom anna risikovurdering, rettleiing, tilsyn og status om regional ordning.

Foredragshaldarar:

- Utdanningsdirektoratet (Udir)
- Fylkesmannen i Rogaland

#### 27. Oppstartsamling – regional ordning 18.september og 22.-23. november

*Målgruppe:* Barnehagemynde, barnehageeigarar, Universitet - og høgskulesektoren, arbeidstakarorganisasjonane,

Fylkesmannen inviterer til dialogmøte om ny regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagane.

## 28. Fagsamling 24. september

*Målgruppe:* styrarar, barnehagelærar og fagarbeidrarar

Korleis trygge progresjon i barnehagens innhald? v/ Aud Torill Meland UiS, Livsmeistring og helse v/ Cecilie Evertsen Stanghelle UiS - Korleis kan ein førebyggja mobbeåfjerd i barnehagen? v/ Pål Roland

## 29. Fagsamling 7. november

*Målgruppe:* styrarar, barnehagelærar og fagarbeidrarar

Korleis trygge progresjon i barnehagens innhald? v/ Aud Torill Meland UiS

Bruk av kartleggingsresultat i forbettingsarbeidet v/ Line Skov Hansen, Aalborg Universitet

## 30. Nettverk, fagmiljø, Kommunalt barnehageforum og regional ordning for kompetanseutvikling

## Fase III Vidareføring Vår 2019 - Haust 2019

### 31. Saksbehandlarsamling 28. mai - tilrettelegging i barnehagen jf. §19 g i barnehagelova

*Målgruppe:* Saksbeandlerarar, PPT og andre med oppgåver knytta til barn som treng tilrettelegging i barnehagen

Del I PPT som samarbeidspartner v/ Lars Myhr

Del II Utgreiing og grunngjeving av vedtak etter § 19 g i barnehagelova v/ Fylkesmannen.

### 32. Barnehagekonferansen

*Målgruppe:* barnehagemynde, barnehageeigar, og barnehagelærarar

Barnehagekonferansen er en fagleg møteplass for tilsette som jobbar med barn i Rogaland. Tema for Konferansen Alle barn har rett til eit godt og trygt barnehagemiljø. Foredragshaldare: Barneombodet - Kjersti Botnan Larsen, Trygg i Fjell – Guttorm Helgøy, Liv Berit Tønnessen, Morten Solheim, Utdanningsforbundet, Grøne Bråden bhg, Tjelta bhg, Kverneland bhg

33. Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage (REKOM) er eit av verkemidla i Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018-2022 - Kompetanse for framtidas barnehage. Regional ordning skal bidra til at barnehagar utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Målet er å sikre at alle barn får et likeverdig barnehagertilbod av høg kvalitet.

34. -40 ...under planlegging